

Saksbehandlar: Birte Tuxen Bø, Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/7648-1

Fornyng av samarbeidsavtale om plikt og ansvar vedrørende forvaltninga av Regionalt forskingsfond Vestlandet

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for plan og næring til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet for plan og næring rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til forslaget til samarbeidsavtale om plikt og ansvar vedkommande forvaltninga av Regionalt forskingsfond Vestlandet.
2. Fylkesordføraren får fullmakt til å signere avtalen på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vedlegg:

1. Utkast til samarbeidsavtale.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Som del av Forvaltningsreforma vedtok Stortinget å opprette Regionale forskingsfond for å styrke nærings- og kunnskapsutviklinga i regionane. Målsettinga var å styrke den folkevalde styringa med viktige virkemiddel for regional utvikling. Forskingsregion Vestlandet består av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Kunnskapsdepartementet føreset at deltakarfylka i kvart regionale forskingsfond har ein skriftleg samarbeidsavtale som mellom anna fastset vertsfylke, opplegg for val, samansetjing av styre og organisering av sekretariat for fondet.

2. Nærare omtale

Gjeldande avtale vart inngått 1.01.2010 med verknad i 5 år. Det vert no fremja ein fornya samarbeidsavtale med verknad i 5 år frå 1.01.2015. Utkast til ny avtale er forhandla fram i eit samarbeid mellom administrasjonen i dei tre fylkeskommunane, og heile avtaleutkastet ligg i vedlegg 1.

Føremålet med avtalen er å avklare deltakarfylka sine plikter og ansvar i samarbeidet med forvaltninga av Regionalt forskingsfond Vestlandet. Avtalen byggjer på ein felles mal for alle dei regionale forskingsfonda og er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande avtaletekst.

Nytt er eit framlegg om skifte av styreleiar kvart andre år (i dag kvart fjerde) mellom fylkesordførar i Rogaland og Sogn og Fjordane. Fylkesordførar i Hordaland vert fast nestleiar. Det er òg ei styrking av sekretariatsressursane hjå Hordaland som vertsfylke med ei 0,5 stilling for å ta i vare auken i administrative oppgåver knytt til veksten i prosjektportefølje. Det er tilsvarende reduksjon hjå dei to andre fylkeskommunane. Sogn og Fjordane får dermed ei 75 % stilling dekkja over

fondet (mot 100 % i dag), for å stå sterkast mogleg i å ivareta fylket sitt arbeid og interesser i tillegg til arbeidet inn mot sekretariatet.

I den fornya samarbeidsavtalen er det òg gjort nokre presiseringar i definisjon av ein «fagperson» til styret, samt nærare om val av vararepresentantar og valkomiteen sitt arbeid ved styreval kvart fjerde år.

Forankring

Ordninga med regionale forskingsfond er forankra i:

- Ot.prp. nr. 10 (2008-2009) (Gjennomføring av forvaltningsreforma).
- St.prp. nr 1 (2008-2009) for Kunnskapsdepartementet.

Avtalen er lovheimla i kommunelova § 28c om vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd.

Øvrige styrande dokument for ordninga med regionale forskingsfond er:

- Kunnskapsdepartementet sine retningslinjer for regionale forskingsfond, revidert 7.04.2013.
- Kunnskapsdepartementet sitt årlige tilsegnsbrev.

3. Tilråding

Jf. framlegg til vedtak.